



Wilfred Berthelsen
Ådlandsvegen 661
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/308 - 18/3482

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

21.02.2018

Melding om utført retting av eigedomsgrenser i matrikelkartet GBNR 39/10

Viser til krav om retting av eigedomsgrenser i matrikelkartet. Kravet var signert av heimshavar til 39/10 og godkjent av heimshavar til omliggande eigedom 39/1. FV har ikkje blitt varsla.

Meland kommune har utført retting i matrikkelen og vedlagt matrikelbrev og kart viser dei grensene som ligg i matrikkelen no. Rettinga er utført i samsvar med måla frå skyldskiftet og det er eit lite avvik lengst i søraust mellom innsendt kartvedlegg og utført retting, då avstandane her ikkje samsvarer med skyldskiftet. Ein har ikkje endra grensa mot FV i slik grad at det vert sendt melding til SVV. Nøyaktig grense mot veg vil uansett måtte fastsetjast ved oppmålingsforretning, når det eventuelt vert aktuelt.

Ein gjer merksam på at det ved slik retting ikkje er gjennomført noko måling i marka eller forbedring av kvaliteten/ nøyaktigheita på grensepunkta, slik at denne framleis ligg som unøyaktig. Målet ved slik retting er likevel at grensa skal vera vesentleg meir rett enn før retting.

Eit utdrag av matrikelbrevet for 39/10 (kartdelen) vert sendt til dykk som heimshavar til naboeigedommen 39/1, samt kartvedlegg som viser dei retta eigedomsgrensene.

Klage:

Føring i matrikkelen er et enkeltvedtak som kan klagast over, jf. matrikellova §46. Klage skal stilast til fylkesmannen, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

39_10_kartdelen matrikelbrev etter retting

39_10_etter retting